

Midtvegsrapport frå mobbeombodet i Hordaland



Innhold

Bakgrunn for prosjekt mobbeombod.....	4
Mobbeomboda i Noreg	4
Mobbeombodet i Hordaland.....	4
Formål med prosjektet (effekt mål)	5
Konkrete mål i prosjektet:	5
Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjekt mål).....	5
Innsatsområde.....	6
Saker	7
Aktiviteter frå august 2015 til oktober 2016	8
Avslutning.....	9

Innleiing

Dette er ein rapport frå mobbeombodet til utvalet for opplæring og helse. Rapporten gjeld for tidsrommet august 2015 til oktober 2016. Denne midtvegsrapporten bygger på ein rapport sendt til Utdanningsdirektoratet i juni 2016, samt mobbeombodet si vurdering av kva det er viktig at politikarane kjenner til. Rapporten er ei oppsummering av prioriteringane og arbeidet som er gjort.

Mari-Kristine Morberg
Mobbeombodet i Hordaland

14.10.2016

Bakgrunn for prosjekt mobbeombod

Mobbeomboda i Noreg

Utdanningsdirektoratet utlyste i 2014 midlar til mobbeombod som prøveprosjekt. Dei fire fylkeskommunane som fekk midlar var Buskerud, Østfold, Nordland og Hordaland. I Hordaland blei stillinga utlyst våren 2015. Mari-Kristine Morberg starta opp som mobbeombod for elevar i den vidaregåande skulen og lærlingar i Hordaland august 2015. Dei fire mobbeomboda i Noreg er organisert på ulike måtar.

I Buskerud låg mobbeombodet under avdelinga for folkehelse fordi mobbing og konsekvensane av mobbing er eit folkehelseproblem. Å vere organisert under folkehelse gjer og at mobbeombodet kan jobbe med heile løpet frå barnehage til vidaregåande opplæring. Ombodet er no flytta saman med elev- og lærlingombodet til stabs- og kvalitetsavdelinga under fylkesrådmannen. Politikarane i Buskerud vedtok at mobbeombodet i Buskerud skulle vere ei permanent ordning frå mai 2014. I Østfold ligg ombodet under juridisk avdeling, under fylkesrådmannen. Ombodet jobbar opp mot vidaregåande opplæring og har vore 50% elev- og lærlingombod og 50% mobbeombod i prøveprosjektperioden. I Østfold er midlane frå Utdanningsdirektoratet mellom anna brukt til å utvikle eit nettvettkurs for dei vidaregåande skulane (#snillsnakk). Mobbeombodet i Nordland jobba og mot vidaregåande opplæring og høyrde til ein eigen «Ung i Nordland»-seksjon. I Nordland er prosjektet mobbeombod no oppe til politisk behandling om det skal vidareførast som ei fast stilling og kva målgruppe ombodet i tilfelle skal jobbe mot. Dersom mobbeombodet blir vidareført skal det ligge under fylkesordføraren sitt kontor saman med rådet for likestilling og funksjonshemma, eldrerådet, rådgivar for ungdommens fylkesting og elev- og lærlingombodet.

I tillegg er det fleire fylkeskommunar og nokre kommunar som no får eigne mobbeombod, utanfor prøveprosjektet frå Utdanningsdirektoratet. Rogaland og Oslo har fått mobbeombod, medan Troms vurderer det. Søgne kommune og Stavanger kommune har og mobbeombod. Andre kommunar opprettar rådgivarstillingar med særskilt fokus på psykososialt miljø, til dømes i Vestby og i Bærum. Ein modell med beredskapsteam eller innsatsteam mot mobbing er ein anna variant som fleire kommunar har testa ut i eit samarbeid mellom KS og FUG (Foreldreutvalget for Grunnopplæringen). Slike team er til dels overlappende med arbeidsfeltet til eit mobbeombod. Eit døme på ei kommune i Hordaland som jobbar breitt mot mobbing er Fjell kommune med prosjektet «Trygg i Fjell».

Telemarksforskning har intervjuet mobbeomboda i prøveprosjektet og dei aktuelle fylkeskommunane og dei vil levere ei rapport til Utdanningsdirektoratet om ordninga mot slutten av 2016.

Mobbeombodet i Hordaland

I Hordaland ligg stillinga til mobbeombodet i opplæringsavdelinga, i seksjon skule. Målgruppa er lærlingar og elevar i vidaregåande opplæring. Mobbeombodet er ein uavhengig instans som skal sikre at elevar og lærlingar får ivarett sine rettar, og skal vere eit tilbod når skulen eller lærebedrifta sine tiltak mot mobbing ikkje er tilstrekkelege.

Mobbeombodet har blant anna som oppgåve å:

- vere eit lågterskeltilbod til lærlingar og elevar i vidaregåande utdanning
- ivareta retten til eit trygt og godt læringsmiljø for lærlingar og elevar i vidaregåande utdanning
- formidle kunnskap og informasjon om elevane/lærlingane sine rettar til eit godt psykososialt miljø
- vere dørøpnar for hjelpetjenester og rettleie i prosedyrar og saksgang
- jobbe aktivt for å spreie kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og krenkingar
- vere oppdatert på aktuell forskning og bidra til å gjere forskinga kjend, blant anna gjennom sosiale mediar

Mobbeombodet skal ikkje vere ein sakshandsamar, men ein koordinerande aktør, pådrivar og rettleiar i mobbesaker. Mobbeombodet har ikkje myndigheit til å pålegge skulane tiltak, men kan rettleie og påverke gjennom opplæringsavdelinga og andre instansar om naudsynt. Ombodet har teieplikt.

Formål med prosjektet (effekt mål)

Formålet med prosjektet har sidan Hordaland fylkeskommune søkte om midlar vore:

- Elevar, foreldre og skular skal oppleve at vidaregåande opplæring i Hordaland har eit godt og ope system for handtering av mobbing.
- Rutinar og handlingsplanar skal vere tydelege.

Konkrete mål i prosjektet:

Dei konkrete måla i prosjektet har blitt endra noko frå søknaden til Utdanningsdirektoratet. Mandatet har vore ope og det har gitt rom for å gå opp stien undervegs gjennom dialog med dei ombodet samarbeider med. Det har også vore med på å avgrense arbeidsoppgåver.

- Mobbeombod, elevinspektørar og Elevorganisasjonen i Hordaland planleggjar og gjennomfører koordinert informasjonsarbeid til skulane og til elevråda spesielt
- Leggje til rette for at elevar som kjenner seg mobba eller krenkt har lågare terskel for å ta kontakt og be om hjelp enn i dag
- Samarbeid mellom ombod og skular om betre strategiar i høve nettmobbing og åtferd på sosiale medium
- Skulane får meir kunnskap om vaksne (tilsette) som krenker

Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjekt mål)

Prosjektet skal levere ein rapport over korleis stillinga som mobbeombod har vore nytta og korleis brukarane vurderer ho. Rapporten skal konkludere med ei klar tilråding om det er ønskjeleg med ei permanent ordning eller ikkje. Seksjonsleiar skule har bedt seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse om å bidra i evalueringa.

Innsatsområde

Elevundersøkinga og lærlingundersøkinga er viktige indikatorar for læringsmiljøarbeidet på skulane og ein peikepinn på korleis lærlingane har det. Det er eit nyttig verktøy for mobbeombodet. Fem av dei områda som elevundersøkinga i Hordaland viser og som mobbeombodet prioriterer i sitt arbeid er:

- 1) Det er klart meir mobbing på yrkesfag enn på studiespesialiserande.
- 2) Prosentvis er lærlingane meir utsett når dei er i lære, enn elevar på skulen.
- 3) Fleire gutar enn jenter blir mobba. Kjønn spelar ei rolle.
- 4) Krenkingane elevane rapporterer om hendar i aukande grad digitalt.
- 5) Elevane opplyser at dei i større grad blir mobba av vaksne på skulen (enn av medelevar).

Det totale talet elevar i vidaregåande skular som fortel at dei blir utsett for mobbing og krenkingar har gått noko ned frå 2014 til 2015. Frå 2,66 % (273 elevar) hausten 2014 til 2,08 % hausten 2015 (226 elevar). Tala har sokke sidan Utdanningsdirektorat la om spørsmåla i Elevundersøkinga i 2013. Utdanningsdirektoratet vil endre elevundersøkinga frå hausten 2016.

Dei negative handlingane og krenkingane mellom elevane som er mest vanleg er utestenging og verbale handlingar. Det å «bli gjort narr av slik at ein blir lei seg» er døme på det mest vanlege, deretter følger «utestenging» og så «spreiing av løgn». Fysiske handlingar som slag, spark og bli halden fast er mindre vanlege. Elevar som blir utsett for slike handlingar opplyser oftare å vere mobba enn elevar som opplever andre negative handlingar (Wendelborg 2016).¹

Tala frå Hordaland viser jamt over same tendens som i resten av landet. Elevar på yrkesfag er særleg utsett for mobbing. Hausten 2015 opplyste 3,27 % av elevane på yrkesfag at dei blir mobba (160 elevar) og 1,11 % av elevane på studiespesialiserande (66 elevar). Lærlingar er endå meir utsett enn elevar når dei er i lære. Tal frå Skoleporten viser at det er 3,7 % av lærlingane i Hordaland som opplever mobbing to-tre gongar i månaden eller oftare.

Gutar er meir utsett enn jenter i vidaregåande opplæring. Hausten 2015 var det nær dobbelt så mange gutar som jenter som fortalde at dei blei mobba (2,7 % eller 151 gutar mot 1,4 % eller 75 jenter). Nyare forskning viser og at gutar i større grad er utsett for relasjonell mobbing enn det mange ser ut til å tru.² Det er ei rådande oppfatning at gutar «ordnar opp der og då», medan dette faktisk ikkje stemmer. Dette er ein blind flekk i skulane sitt arbeid mot mobbing og er eit av områda mobbeombodet vier mykje av merksemda si.

I fleirtalet av sakene mobbeombodet fekk i 2015/2016 er digitale krenkingar ein del av mobbinga. I elevundersøkinga frå Hordaland (2013-2015) er talet på elevar som opplever krenkingar som hender på nett eller mobil aukande. Det stemmer med tal frå Medietilsynet si [Barn- og medierundersøking 2016](#). Medietilsynet opplyser at talet på barn og unge (9-16 år) som opplever å bli krenka på nett er stabilt, men at ein ser tendensar til ei auking. Negative opplevingar på internett eller mobiltelefon handlar om spreieing av løgn, trugslar eller negative kommentarar om utsjåande. I tillegg er det ein del som opplever utestenging.

Elevane opplyser at det er fleire vaksne enn elevar som krenker dei og det er noko elevane stadfester. Dette er noko mobbeombodet legg stor vekt på i sitt arbeid opp mot skulane og i systemarbeidet internt.

¹ Wendelborg, Christian 2016: Mobbing, krenkelser og arbeidsro I skolen. Analyse av Elevundersøkelsen skoleåret 2015/16, NTNU Samfunnsforskning Mangfold og inkludering, Trondheim.

² Eriksen, Ingunn Marie og Lyng, Selma Therese. Skolers arbeid med elevenes psykososiale miljø. Gode strategier, harde nøtter og blinde flekker [Rapport 14/2015]. Nordisk Institutt for studier av innovasjon, forskning og Utdanning

Saker

I perioden august 2015 til oktober 2016 har mobbeombodet mottatt totalt 24 saker frå vidaregåande opplæring og 12 saker frå grunnskule og barnehage. Alle sakene får umiddelbar bistand, enten via telefon eller epost. Sakene varierer veldig i omfang. Nokre krev berre ein einskild telefonsamtale med rettleiing, medan andre krev oppfølging over veker. Mobbeombodet har og deltatt i møter med elevar/lærlingar, føresette og skule/opplæringskontor. Elevane/lærlingane og dei føresette kan ha behov for oppfølging også etter at saka formelt er avslutta.

År	Vidaregåande	Lærlingar	Grunnskule	Barnehage	Vaksenopplæring	Totalt
2015 (frå 01.08.16)	6	1	6	1		14
2016 (pr.12.10.16)	16	1	5		1	23
Totalt	22	2	11	1	1	37

Dei fleste sakene blir meld via telefon, men nokre kjem også på e-post. I tillegg er det ein aukande pågang av saker når mobbeombodet er på skulebesøk eller held føredrag. Det er viktig å vere tilgjengeleg på fleire plattformer.

Aktiviteter frå august 2015 til oktober 2016

Mobbeombodet har ein rettleiande og støttande funksjon for elevar, lærlingar og føresette, men og ovanfor skulane (elevinspektørar, rådgivarar, rektorar og andre tilsette). Den andre hovuddelen av jobben er ovanfor skuleeigar og skulane når det gjeld førebygging og rutinar for handtering av saker.

Mobbeombodet har gradvis etablert eit godt nettverk for eit systematisk samarbeid. Halvvegs i prosjektperioden er mange av dei konkrete måla godt i gang, medan nye mål og tiltak er planlagt. Arbeidet kan delast inn i fleire kategoriar:

- **Informasjonsarbeid** mot elevar og elevråd, Ungdommens fylkesutval og fylkesting, og interne og eksterne samarbeidsfora.
- **Kompetanseheving** mot skular, skulehelseteneste, elevinspektørar, OT/PPT, opplæringskontor og lærebedrifter.
- **Systemarbeid** gjennom deltaking i ulike arbeidsgrupper, både interne og eksterne, kor målet er å betre interne rutinar.
- **Nettverkssamarbeid** med mobbeombod i andre fylke og Læringsmiljøsentret i Stavanger.

Det fyrste året har mykje av jobben bestått i å etablere kontakt med skulane, dei ulike avdelingane i fylkeskommunen, samt med samarbeidspartnarar, som Elevorganisasjonen, dei andre mobbeomboda i prosjektet, førebyggjande eining i politiet, STL-koordinatorar i Bergen kommune (Samordne Lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande Tiltak), Konfliktrådet, prosjekta «Innenfor skolen» (Bergen kommune) og «Aksjon Lærebedrift» (NHO, LO, Hordaland fylkeskommune), Landsforeninga for lesbiske og homofile (LLH/no FRI), RKBU Vest, Trygg i Fjell (Fjell kommune), Elev- og Lærlingomboda, og vidare.

I tillegg til nettverksbygging har mobbeombodet drive mykje oppsøkande verksemd. Ombodet har halde verkstader for elevråda ved 18 av dei vidaregåande skulane. Fleire elevråd og skulebesøk står for tur. Temaet for skuleringa hausten 2016 er «leiing». Kva roller har elevrådet i arbeidet for eit godt skulemiljø og korleis kan elevrådet og elevane sjølve jobbe mot mobbing?

Mobbeombodet har vidare halde innlegg for lærlingar i oppstartveke ved UiB og ved eit opplæringskontor. Mobbeombodet har halde innlegg på Skulestartkonferansen, på ressursteamsamlingar, på Solstrandkonferansen for opplæringskontor og lærebedrifter, rådgivarsamlingar for ungdomsskulen, på prosjektet «Innenfor skolen» og førelesning på ei av lærarutdanningane på Høgskolen i Bergen (fleire står for tur hausten 2016), samt verkstad for Ungdommens fylkesutval på to samlingar. Mobbeombodet har og halde kurs og foredrag for tilsette ved fleire av skulane i fylket.

Mobbeombodet sit i den nyoppretta Læringsmiljøgruppa på seksjon skule (leia av Venke Barrikmo). Gruppa samarbeider om læringsmiljø og helse. Mobbeombodet sit også i Prosjekt likeverd, likestilling og inkludering (leia av Ruth Brudvik og Birthe Markeseth Aasen). Prosjektet har medlemmar frå fleire avdelingar og seksjonar.

Mobbeombodet har lagt ned mykje arbeid i førebuinga til kursrekka «Gode skulemiljø – slik jobbar vi mot mobbing» som blir halde skuleåret 2016/2017, i samarbeid med nettverksgruppa for psykososialt miljø i OT/PPT. Læringsmiljøsentret står for gjennomføringa av dei to første samlingane i samarbeid med mobbeombodet.

Mobbeombodet og nettverksgruppa for psykososialt miljø i OT/PPT har og fremma ei sak for leiargruppa ved opplæringsavdelinga om «innsatsteam» i tråd med regjeringa sin nye politikk mot mobbing. Eit innsatsteam kan vere ei god løysing for å støtte skulane i sitt arbeid med alvorlege saker. Eit slikt team skal kunne rykkje ut på kort varsel.

Hausten 2016 satte prosjektet «Innenfor skolen» ned ei arbeidsgruppe for læringsmiljø. Mobbeombodet er fagleg leiar av arbeidsgruppa. Prosjektet er leia av skulehelsetenesta i Bergen kommune. Fleire av dei vidaregåande skulane mobbeombodet har hatt kontakt med etterlyser ein god mal for ein handlingsplan mot mobbing. I dag er det opp til kvar einskild skule korleis denne planen skal vere utforma. Eit mogleg resultat frå dette prosjektet er ein slik mal.

Mobbeombodet er på Facebook under www.facebook.com/mobbeombodet og jobbar aktivt for å spreie informasjon og kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og krenkingar.

Avslutning

Alle dei fire hovudområda (informasjon, kompetanseheving, nettverkssamarbeid og systemarbeid) er viktige for å oppnå måla i prosjektet. Informasjonen, samt kontakten med lærlingane, elevane og tilsette i skulane er viktige for å aldri miste elev/lærlingperspektivet av synet. Nettverkssamarbeid er heilt naudsynt for å sørge for tilstrekkeleg god kvalitet på tilbodet frå mobbeombodet. Systemarbeidet er likevel særdeles viktig.

Uansett kor godt vi jobbar med førebygging av mobbing og kvalitetssikring i rutinane og systema våre, vil det vere situasjonar der det glipp. Då er mobbeombodet ei støtte for dei det gjeld.

Fleire tilsette i skulane melder om behov for auka kompetanse om avdekking og handtering av mobbesaker. Mobbeombodet bidrar til at tilsette får god kunnskap og gode verktøy i arbeidet mot mobbing. Vidare meiner fleire tilsette at mobbeombodet fungerer som ei viktig påminning om at skulane må arbeide kontinuerleg med tiltak mot mobbing og utvikling av trygge og gode psykososiale miljø. Det er kontinuerlig og systematisk arbeid som må til for å skape endå betre miljø på skulane.